



Eva Mortensen
Vestbygdvegen 316
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/7 - 16/127

Saksbehandlar:
Marius Flemmen Knudsen
marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:
05.01.2016

Tilskot til grøfting av jordbruksareal på gbnr. 11/6 Tveit

Administrativt vedtak. Saknr: 04/2016

Saksutgreiing:

Vi syner til søknad motteke 28.12.15

Eva Mortensen har søkt om kommunalt tilskot til grøfting for 2015. Utval for drift og utvikling vedtok i sak 96/2015 på møte 17.12.15 at grøfting skulle vera prioritert for tilskot i inneverande år, og at det kunne nyttast inntil kr. 20 /løpemeter. Eva Mortensen søkjer om tilskot til 190 meter med grøfting på gbnr. 11/6.

Det er komen inn 5 søknader på til saman 2414 meter. For 2015 har Meland sett av ei budsjetttramme på kr. 35 000 til fordeling. Dette gjev ein sats på kr. 16 pr. lm

Kommunestyret vedtok i 2002 retningsliner for handsaming av tilskot til landbruksføremål. Målet for midlane er å medverka til å fremja gode landbrukstiltak i kommunen. Det er mellom anna vilkår om at søkjar må ha rett på produksjonstilskot og at arbeidet må vera ferdig. For 2015 Utval for drift og utvikling gjorde difor vedtak om å prioritera grøfting for kommunalt tilskot i 2015.

Vurdering :

Ei av hovudutfordringane for jordbruket i Meland er dårleg grøftetilstand på mange areal. Endring av klima, tyngre maskiner kombinert med gamle grøfter gjer at ein god del areal står i fare for å gå ut av drift fordi det er kostbart og arbeidskrevjande å grøfte. Grøfting har difor stor verknad både for å auka avlingsnivå og avlingskvalitet, betra driftstilhøve på bruka og for skjøtsel av kulturlandskapet.

Regnestykket vert slik:

Postadresse
postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt
www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Gjennomført grøfting i meter:	Tilskotssats kr/pr. meter:	Sum:
190	16	3 040

Administrasjonen vurderer at omsøkt tiltak er viktig og i tråd med dei kommunale retningslinjer.

Vedtak

«Meland kommune løyver kr. 3 040 i tilskot til Eva Mortensen for 190 meter grøfting på gbnr. 11/6 m.fl. Løyvinga vert dekket av budsjettpost 14700 603 3290 i tråd med retningslinjer vedteke av kommunestyret i 18.12.02 sak 131/02.

Tilskotet vert overført kontonummer som er nytta i samband med søknad om produksjonstilskot.»

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Eva Mortensen

Vestbygdvegen 5918
316

FREKHAUG